

Saksbehandlar: Elisabeth Aune, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/10125-28

## **Revisjon av forskrift om hausting av tare – innspel til Fiskeridirektoratet**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er ei økosystembasert forvaltning.
2. Vi ber om at Fiskeridirektoratet prioriterer å få fram kunnskap for ei framtidretta forvaltning av tareressursane. Vi treng meir kunnskap om biomassen av stortare i fylket og konsekvensar for økosystemet ved hausting kvart 5. år. Dette for at vi i framtida kan legge opp til ei forsvarleg forvaltning og å sikre ei berekraftig hausting.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet om :
  - a. Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise digitale kartløyseringar med lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta.
  - b. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime
  - c. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om at området utafor Grotle gamle kyrkjegard vert stengt for tarehausting og at dette vert teke inn i ny forskrift.
4. Fylkeskommunen gjer framlegg om å vidareføre dei ni stengde fugleområda i ny forskrift, med atterhald om oppdatering av fugleteljingar i desse områda i løpet av dei neste fem åra.
5. Fylkeskommunen tilrår å oppretthalde den eksisterande grensa i Bremangerpollen, føresett at det vert forska på verknader av hausting i dette området: Oppvekstvilkår for fisk, fiskebestand og fangstmengd for nærfiske i Bremangerpollen.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune håpar at ein ved neste revisjon av forskrifta har meir kunnskap som gjer det mogeleg å gjere ei fagleg vurdering av haustingregimet av tare.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. BAKGRUNN

#### Bakgrunn for at saka er reist

Gjeldande forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane gjeld fram til 1. september 2016, og før den tid må ny forskrift vere fastsett. I nasjonal forskrift om hausting av tang og tare (FOR 1995-07-13 nr 642) § 5, 1. ledd er det slått fast at det er Fiskeridirektoratet som utarbeider regionale forskrifter om kor og når det er lov å hauste tare i den enkelte region, men at forslag til innhald i ny forskrift skal utarbeidast av fylkesvise grupper som leiast av fylkeskommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har leia ei arbeidsgruppe med følgjande deltakarar; fylkeskommunen som leiar, Fiskeridirektoratet region Vest, Fylkesmannen, FMC, Solund kommune, Flora kommune, Bremanger kommune og fiskarlaget i Sogn og Fjordane. Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet sentralt og ein næringsdrivande taretrålar har vore representert som referanse gruppe. Fylkesmannen trakk seg ut av arbeidsgruppa etter siste arbeidsmøte før høyringsprosessen.

Arbeidsgruppa sendte på høyring eit dokument som inneheldt forslag om ny inndeling av haustefelt, nytt hausteregime og endring av forbodssoner innafor opne haustefelt. Høyringsinnspel vart gjennomgått og sluttrapport vart skriven. Det må presiserast at det er arbeidsgruppa sitt forslag til innhald i ny forskrift, som Fiskeridirektoratet i følgje forskriftsteksten må ta omsyn til. Arbeidsgruppa klarte ikkje å einast om kva område som skal vere stengt for taretråling, og det er også grunnen til at Fylkesmannen trekte seg frå arbeidsgruppa før arbeidet vart sluttført.

Sluttrapport med vedlegg vart saman med saksframlegg lagt fram for Hovudutval for næring og kultur (HNK) 12.05.2016.

HNK vedtok i møte 12.05.2016, sak 46/16 (saksnr 15/10125-16), å utsette saka: *Revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane – innspel til Fiskeridirektoratet.*

Administrasjonen vart beden om å utgreie og legge vekt på følgjande i ny sak:

- Haustingssyklus (vert omtalt i pkt. 2.1)
- Næringsmessige konsekvensar av å imøtekomme kommunane som har uttalt seg sine krav (vert omtalt i pkt. 2.2)
- Skadar i strandsona som følgje av tråling (vert omtalt i pkt. 2.3)
- Utvalet ber administrasjonen ta omsyn til kommunane sine forslag til arealavgrensingar (vert omtalt i pkt. 2.2)
- Utvalet merkar seg at fylkesmannen har trekt seg frå arbeidsgruppa, og at dei ikkje ynskjer å bidra til eit arbeid som bryt føresetnadane for gjeldande tareforskrift og gjeldande verneforskrifter. Dette må takast omsyn til i ny tilråding.

## 2. VURDERING OG KONSEKVENSA

### 2.1. Haustefelt og haustesyklus

#### **Ny inndeling av haustefelt**

Papirkartet som i dag er vedlegg til forskrifta må erstattast av digitale kart som kan lastast ned på kartmaskiner som er typisk brukt i båt. Karta må ha lenke til verneforskrifter og Lovdata, og karta må vise kor det faktisk er lov å hauste tare; ned til 20 meter djupne.

Vi foreslår å dele Sogn og Fjordane fylke inn i 80 haustefelt, der alle har ei lik breidde på 1 nautisk mil, etter heile breiddeminutt, med unntak av 4 felt som i dag har ei breidde på 1,5 og 2 nm. Endring av trålfelt er gjort av navigasjonsomsyn, og alle feltgrenser bør følgje heile breiddeminutt. Dette fører til endring av trålefelt sør for Stavfjorden og ei endring av to felt i Selje kommune (Indre og Ytre Fure). Dei andre felte vil ikkje bli endra frå gjeldande forskrift.

Arbeidsgruppa var samla om ny inndeling av haustefelt.

### **Haustesyklus**

Fylket er delt inn i haustefelt med ei breidde på 1 nautisk mil, og med ein haustesyklus på 5 år. Om 5 år er den optimale haustesyklusen har ikkje vore diskutert i arbeidsgruppa, men vi har lagt til grunn at Havforskningsinstituttet (HI) som rådgjevande organ for ressursutnytting, ikkje har hatt forslag om å endre dette i denne prosessen.

Haustefelta har bokstavkoder A-E, og haustesyklusen følgjer alfabetet, der kvart felt er ope frå 1. september til 31. august kvart 5. år.

<b>Felt</b>	<b>Frå dato</b>	<b>Til dato</b>
A	1. september 2016	31. august 2017
B	1. september 2017	31. august 2018
C	1. september 2018	31. august 2019
D	1. september 2019	31. august 2020
E	1. september 2020	31. august 2021

I vårt forslag har vi forsøkt å ta omsyn til at nabofelt ikkje vert hausta påfølgande år, og har difor gitt felte følgjande bokstavkoding frå sør til nord; **A, C, E, B, D**.

Arbeidsgruppa var einige om endring i haustesyklus.

### **5-års syklus**

Havforskningsinstituttet har kunnskap frå prosjekt og overvåkingsprogram som tyder på at sjølv tareressursen (dvs. tarebiomassen) stort sett vert reetablert innanfor en syklus på 4-5 år, medan restitusjon av tarevegetasjonens biologiske mangfald knytt til pågroingsorganismar (epifyttar) og aldersstruktur krev lengre tid (Steen *et al.* 2014, 2015).

Arbeidsgruppa legg til grunn at Havforskningsinstituttet er Fiskeridirektoratet sitt rådgjevande organ for ressursutnytting, og føreset at det vert prioritert å auke kunnskap som vil gje ei framtidig økosystembasert forvaltning. Vi ser det som viktig at det vert prioritert å auke kunnskap om biomassen av stortare i fylket for å sikre ei berekraftig hausting.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet vurdere å auke haustesyklus ved seinare høve for å ta omsyn ikkje berre til makroalgane, men også heile økosystemet desse gjev opphav til.

## **2.2. Næringsmessige konsekvensar av å imøtekomme krav frå kommunane som har uttalt seg**

Rundt 150.000 tonn stortare vert kvart år teke opp av havet i Norge. Det er berekna til under 1 % av den ståande totale biomassen. Til sammenlikning er det berekna at 10-15 % av stortareskogen vert rigen laus av storm kvart år.

Taren er råstoff til ein milliardindustri, der det viktigaste produktet er alginat som vert nytta i ei rekke produkt frå legemiddel og tannkrem til softis. Selskapet FMC Biopolymer er hovudaktør i bransjen her i landet, og er lokalisert på Karmøy i Rogaland. Dei har signalisert eit aukande behov for stortare for produksjon av alginat til farmasi. I tillegg ser vi aukande interesse frå andre aktørar for å etablere seg i næringa. Vi må ta inn over oss at tare er ein avgrensa ressurs, og industrien må førebu seg på betre utnytting av råstoffet.

Sjølv tarehaustinga blir gjennomført ved hjelp av ein såkalla tindetrål frå spesialkonstruerte fartøy. Det er fire slike fartøy registrert i Sogn og Fjordane (Florø) der to er eigd av FMC (Tarehav og Sjøalg) og to er private (Buskalg og Suletrål).

Kommunane sine krav:

## Bremanger kommune


Bremanger kommune ønskjer ikkje å redusere dagens vernesone for taretråling i Bremanger kommune, men derimot ei utviding av dagens vernesone til å gjelde innanfor ei line frå Olderveggen til Mulen (Frøya) i vest og avgrensa av Oldersundbrua i sør slik det er vist i figur 1.

Dei mørkaste felta i figur 1 viser stengte område i dagens forskrift, samt det område arbeidsgruppa har føreslege å stenge område utafor gravplassen på Grotle. Dei lyse brune felta er djupne ned til 20 meter, der det er mogeleg å finne tare. Det synleggjer at Bremanger sitt framlegg kan innebere store reduksjonar i opptak av tare for næringa.

Figur 2 viser Fiskeridirektoratet region Vest sitt forslag til nye stengte område i Bremanger, der dei vil opne for tråling i eit område frå Rylandspollen til Løvikskjeret, i forhold til dagens forskrift.



Figur 1 Bremanger sitt framlegg til nye grenser for trålefritt område i Bremangerpollen



Figur 2 Fiskeridirektoratet region vest sitt framlegg til nye grenser i Bremangerpollen

Bremanger kommune krev òg totalforbod mot taretråling i sjøfuglreservatet i Frøyskjera. Taretråling i naturreservat er regulert av verneforskrifter. I Frøyskjera er det forbod mot hausting frå 1. april til 31. juli. Eventuelle framlegg til endring av verneforskrifter har ikkje denne arbeidsgruppa tatt stilling til.

### Vurdering

Arbeidsgruppa klarte ikkje å einast om nye grenser i Bremanger, men vart einige om å innføre eit forbod mot hausting i Bremangerpollen i mars månad på grunn av torskefiske.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil foreslå å vidareføre dei områda som er stengde for taretråling i gjeldande forskrift i den nye forskrifta, og at det vert prioritert å auke kunnskapen for å sikre ei berekraftig og økosystemvennleg hausting.

## Flora kommune

Flora kommune tilrår og ber om at sjøfuglreservat Aralden framleis vert stengt for taretråling i den nye forskrifta.

Flora kommune ber Fiskeridirektoratet om å ha særleg fokus på konsekvensar for oppveksttilhøva for fisk, og der kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt, bør ein nytte "føre var-prinsippet" ved endeleg utforming av ny forskrift.

Dei ber om at Fiskeridirektoratet må legge til grunn ein reetableringsperiode på 8-10 år for tareskog, ikkje 5 år som i dag, for å sikre berekraftig forvaltning av tare og biologisk mangfald i havet.

Så lenge taretrålingsområdet er innanfor dei geografiske grensene i EU sitt vassdirektiv (1nautisk mil frå grunnlinja) må økologiske parameter frå direktivet vere grunnlaget for uttak av tare. «Taretråling skal tas med i tilstandsvurderingen i de tilfeller den kan sees på som en vesentlig påvirkning.»

### Vurdering:

Arbeidsgruppa klarte ikkje å einast om kva område som skal vere stengt for taretråling i ny forskrift. Aralden naturreservat er stengt for taretråling heile året med heimel i naturvernforskrift.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil foreslå å vidareføre dei områda som er stengte for taretråling i gjeldande forskrift til den nye forskrifta, då vil eit område rundt Aralden naturreservat også vere stengt for taretråling (1 km radius rundt reservatet). og at det prioriterast å auke kunnskapen.

Vi ser det som viktig at det vert prioritert å auke kunnskap om biomassen av stortare i fylket og konsekvensar av hausting på økosystemet for å sikre ei berekraftig hausting.

### Vågsøy kommune

Formannskapet ber om at området ved Stallbrekka også i ny forskrift vert stengt for tråling. Dette framlegget vert støtta av Fylkesmannen.

#### Vurdering

Arbeidsgruppa klarte ikkje å einast om kva område som skal vere stengt for taretråling i ny forskrift. Stallbrekka naturreservat er stengt for taretråling heile året med heimel i naturvernforskrift.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil foreslå å vidareføre dei områda som er stengde for taretråling i gjeldande forskrift til den nye forskrifta, då vil område utafor Stallbrekka naturreservat også vere stengt for taretråling.

## 2.3 Skadar i strandsona som følgje av tråling


Bølgjedempande effekt av tareskog er lite dokumentert, men det som er gjort tilseier at effekten er avhengig av topografien under havoverflata.

Eit arbeid frå NTNU viser at stortare påverkar bevegelse i vatnet og bidreg til demping av bølger på grunt vatn, men at taren har liten effekt på erosjon av sanddyner. Årsaken til dette er at høgt vassnivå (stormflo) har mye større verknad på erosjon av sanddyner enn bølgehøgda.

Havforskningsinstituttet har fokus på den økologiske effekten av tarehausting. Stortareskogar er tilhaldsstad for mange organismar, og viktige oppvekst- og næringsområde for fleire fiskeartar. Havforskningsinstituttet overvakar årleg tilstanden i taresamfunna og effekt av tarehausting på faste stasjonar på kysten frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Overvakinga er stikkprøvebasert og inkluderer stasjonar i haustefelt og referanseområde som er stengde for tarehausting. Ved hjelp av undervasskamera vert dekninga av tarevegetasjonens registrert. Det gjeld også tettleik og storleik. Førekost av kråkeballar og fisk blir registrert. **I Sogn og Fjordane** har HI stasjonar på utvalde felt i Solund, Bremanger og Selje, dette er stikkprøvebaserte videogranskingar. Granskingane har vist at tarevegetasjonen er best utvikla i nordlege delar (Bremanger og Selje), der gjenveksten etter hausting tradisjonelt har vore god.

Før det vart opna for tarehausting i Nord-Trøndelag og sør i Nordland gjennomførte Havforskningsinstituttet eit prosjekt der dei såg på tråling av tareskog og kva verknad dette har på fisk og skaldyr. Granskingane med undervasskamera og fiskereiskap viste ingen tydelege endringar i førekost av fisk frå før til etter prøvehausting.

Tarevegetasjonens tilstand vert klassifisert av HI til å være god og stabil. Det har vore eit jamt og stabilt uttak.



Figur 3. Fylkesvis hausting av tare

### **3. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er ei økosystembasert forvaltning.

Vi ber om at Fiskeridirektoratet prioriterer å skaffe kunnskap for ei framtidretta forvaltning av tareressursane. Vi treng meir kunnskap om biomassen av stortare i fylket og økologiske konsekvensar for økosystemet ved hausting kvart 5. år. Dette for at vi i framtida kan legge opp til ei økologisk forsvarleg forvaltning og å sikre ei berekraftig hausting.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet om :

Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise digitale kartløyningar med lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta. Karta i forskriftene må bli betre, digitaliserte og meir einsarta på tvers av fylkesgrensene. Karta må kunne lastast ned til brukarane og brukast i eigna navigasjonsverktøy om bord i fartøy. Dette vil gjere karta meir presise for dei som skal tråle, og unngå konflikt og misforståingar. Næringa har etterspurt dette i lang tid.

Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime

Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om at området utafor Grotle gamle kyrkjegard vert stengt for tarehausting og at dette vert teke inn i ny forskrift.

Arbeidsgruppa konkluderte ikkje med kva for område som skal vere stengt for taretråling, Sogn og Fjordane fylkeskommune vil difor be Fiskeridirektoratet ta omsyn til høyringsuttalane, og vidareføre område som er stengt for taretråling i dagens forskrift.

Utvalet ber administrasjonen merke seg at fylkesmannen markerer usemje ved å trekkje seg frå arbeidsgruppa, og ta omsyn til det i ny tilråding. At fylkesmannen som rein miljøstyresmakt er usamd med fylkeskommunen er ikkje uvanleg. Å trekkje seg frå ei arbeidsgruppe er derimot ei uvanleg arbeidsform. Det er fullt ut mogleg å markere usemje gjennom arbeid i ei slik arbeidsgruppe. Fylkesdirektøren vel å ikkje legge vekt på dette i saksutgreiinga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune håpar at ein ved neste revisjon av forskrifta har meir kunnskap som gjer det mogeleg å gjere ei fagleg vurdering av kor det kan haustast og kor det bør vere forbod mot hausting av tare i fylket.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑